



DEN NORSKE KYRKJA
Lindås kyrkjelege fellestråd



Lindås kommune
v/ rådmann

Knarvik, 22. oktober 2014

Søknad om opparbeiding av parkeringsplass ved Ostereidet kyrkje

Kyrkjeverja viser til vedlagt særutskrift av møtebok for Osterfjorden sokneråd, SAK 80/14.

Kyrkjeverja viser vidare til reguleringskart for området ved kyrkja, der det på kommunal grunn er teikna inn opparbeidd parkeringsplass på andre sida av vegen i høve til kyrkja og barnehagen sine parkeringsplasser. (gnr/bnr 233/121).

Lindås kyrkjelege fellestråd vil med dette søkje om at denne parkeringsplassen blir tatt inn i budsjettet for 2015 om råd, alternativt så snart det lar seg gjere.

Med venleg helsing
For Lindås kyrkjelege fellestråd,


Torgeir Paulsen
Kyrkjeverje

Vedlegg: Utskrift av møtebok for Osterfjorden sokneråd
Grunnkart, reguleringskart og ortfoto 2011 for Ostereidet kyrkje



DEN NORSKE KYRKJA
Osterfjorden Sokneråd
Ørnnova 21
5993 Ostereidet

06.10.2014

UTSKRIFT AV MØTEBOK FOR OSTERFJORDEN SOKNERÅD

Møte 21.august 2014

Sak 80/14 PARKERING VED OSTEREIDET KYRKJE

Som orientert i junimøte er det blitt Parkering forbudt langs heile kommunevegen frå rundkjøringa ved ungdomsskulen til forbi kyrkja på begge sider av vegen. Dette har medført at kyrkja har mista rundt 40 parkeringsplasser.

Seinast i sist gravferd ser ein at mange bilar blir parkert ulovleg. Dette er eit problem også for kyrkja.

Samrøystes vedtak: Soknerådet bør snarast ta kontakt med LKF for mulig uviding av parkeringsplassen ved Ostereidet kyrkje.

Sonja B. Molvik

Rett utskrift Sonja B. Molvik

Postadresse:
Ostereidet kyrkjekontor
Ørnnova 21
5993 Ostereidet

E-post.
ostereidet@lindas.kyrkja.no

Telefon 56 357230